

RAULAND HISTORIELAG

Årsmelding for 2020.

Styret har hatt følgjande samansetjing etter årsmøte 10.03.2020.

Leiar Toril Nicolaisen

Skrivar Jorunn Hestmann

Kasserar Øyvind Solbakken

Styremedlem Tore Tjønn

Styremedlem Birger Kjellingtveit

Styremedlem Solveig Loftsgarden

Varamedlem Gunn Gardsjord

Varamedlem Ingerid Hayes

Arbeid i laget.

Det har vore lågare aktivitet i laget i år på grunn av konronapandemien. Landet blei nedstengt 12.03.20 og resten av året var det ulike nasjonale og lokale forskrifter/ retningslinjer som la begrensingar på aktiviteten. I sommarmånadane var smitten mindre og det blei opna meir opp.

Styret har hatt 10 styremøte i 2020. Medlemstalet i laget var 130 ved årsskiftet.

Temagruppa.

Temagruppa har fem medlemmer: Asbjørn Gardsjord (leiar), Torunn Dagalid, Kari Halsten, Olav H. Nystog og Sindre Hestdalen.

Temakveldane blei arrangert i Vesaas-salen på Raulandsakademiet.

21.01.20. **Murukleiven** ved Ove Eriksen.

18.02.20. **Vinje-Raulandsmålet** ved Arne Vinje, Johan Vaa og Kristian Hanto.

17.03.20. **Politikarar og andre folk** ved Bjørn Bø.

Dette blei avlyst på grunn av korona.

Det blei ikkje fleire temakveldar i 2020.

Turar.

04.06.20. Tur til husmannsplassen Kolås som ligg på nordsida av Tansåi på Nesland. Solveig og Oddvar Loftsgarden og Halvor Vasshus viste veg og fortalde. Me var ca 25 stk med på denne kveldsturen.

08.08.20. Tur til Kvammen i Åmotsdal med Eivind Dyrland som kjentmann. Der var det kaffi- og nystepaue med fortjingar om plassen og folk derifrå og andre. Turen gjekk vidare til Bjåen og dei fleste gjekk nedatt til bilane som sto sto parkert ved Groven. Eitt par tre stykke gjekk den gamle ridevegen og kom att ved Rv 37 ved belarhaugen. Det var 16 stk med på turen.

På grunn av korona blei det ikkje arrangert busstur i 2020.

Stadnamnsprosjekt i Vinje kommune.

Vinje kommune og Norsk Språkråd løyvde midlar til digitalisering av stadnamn i Vinje kommune. Prosjektet starta opp i des 2019 i regi av Vest-Telemark Museum med folk frå historielaga i kommunen og andre intresseerte. Kommune blei delta inn i fleire område. Birger har vore Rauland Historielag sin deltakar i dette prosjektet.

Aslak. H. Svalastog og Anders Mæland samla inn over 5000 stadnamn i Rauland og Øyfjell frå 1079 til 1981. Birger har i løpet av 2020 lagt inn alle namna på Rauland på kart med forklaringar og informantar, tilsaman ca 3300 stadnamn. Dette ligg no inne i Stadnamnregisteret/ Språkrådet til kontroll.

Jostein Sandsmark.

Jostein Sandsmark var lærar på Rauland i tida 1960-62. Han tok mange ljusbilde i den tida han var her. Han har gjeve store delar av desse til Rauland Historielag.

Olsokvandring

Som tidlegare var dette eit samarbeid med soknerådet. 70 personar deltok. Laget står for vandringa på kyrkjegarden medan soknarådet styter for olsokgraut. Grauten blei servert etter messa ute på kyrkjebakken.

Det var stopp ved desse gravene i år:

- Kirsti og Eivind Øygarden v/ Asbjørg Øygarden Neset
- Anne Midtbø v/ Sigrun Midtbø
- Odd Kjellingtveit v/ Anne Oddny Foldøy og Gunnulf Lien
- Martin Mikkelsen v/ Birger Kjellingtveit

Årsskrift 2020.

Årets bokutgjeving i 2020 : HAND I HAND - Hilda og EinarTjønn - livet i kunst og ord. Åsta Ø. Kostveit og Gunn Gardsjord hadde ansvaret for boka. Anne Joronn Sætre og Petter C. Omtvedt bidrog. Det gjorde også Eystein Matheussen og Britt Elin Myrene med tonar til dikt i boka. Opplag 200.

Lanseringsfest 03.12.2020.

Rauland Historielag arrangerte saman med Viser og Dikt lanseringsfest for boka HAND I HAND på Raulandshuset. På grunn av korona var det påmelding og det var 50 med på festen. Program ved Historielaget, Viser og Dikt, helsingar, på nett frå Danmark og Oslo og Hilda Tjønn las dikt og takka for boka og festen. Servering av kaffi og kaker til hyggeleg samvær med smitteverntiltak etter kommune sine reglar.

Boksal 2020.

Salet av bøker har gått jamt og trutt? Salsstader er : Spar Rauland, Rauland Servicesenter (Esso), Vinjebue, Haugsæl, Kviteseid Bok og papir, Ark Bokhandel Seljord, Akademika Bø, Rjukan Libris, Sparkjøp i Åmotsdal og Telemarkstunet.

Det er også høve til å bestille bøker ved å sende post til Rauland Historielag eller e-post til mail@raulandhistorielag.no

Lagets heimeside – raulandhistorielag.no

Heimesida har oppdaterte opplysingar om aktiviteten i laget så som temakveldar, turar og andre arrangement. På heimesida er det også ei biletsamling. Der er elles informasjon om laget. Birger Kjellingveit er ansvarleg for drift og oppdatering av heimesida.

Økonomien i laget.

Økonomien i laget er god. Rekneskapen syner eit underskott på kr. 18.499,29.

Laget fekk kr. 10.000 i tilskott frå Tinn Sparebank. Tilskott kr. 3.087,50 frå Vinje kommune til nytt skilt i Vettelundet i Vå. Grasrotandel utgjorde i 2020 kr. 3.400.

Støtte til:

1. Rauland skule tilskott til tur for elevar til konsentrasjonsleiren i Auschwitz kr. 6.000.
2. Åsta Ø. Kostveit tilskott til bok om husmannsjenta Margit Egilsdotter Krubba kr. 6000 som skal koma ut i 2021.

Polenturen for raulandselevane blei utsett.

Lokalhistorisk arkiv.

Rauland Historielag har ikkje hatt ansvar for drifta ved Lokalhistorisk arkiv.

Frøydís Fossli har vore på arkivet 1 dag i veka hausten 2020.

Takk for godt samarbeid.

Styret vil takke for godt samarbeid i året som gjekk til medlemmer og andre som har vore med å støtte opp om arbeidet i Rauland Historielag.

For styret i Rauland Historielag

Toril Nicolaisen